

Teser i tida

Reformasjonsjubileet 2017

Karl Johan Hallaråker

Frukostmøte i Korskirken 22.03.17

"Mennesket er skapt i Guds bilete - ikkje Gud i mennesket sitt bilete."

Framandord kan irritera og provosera. Dei kan også klargjera. Du skal om litt få to av meg.

"Eit nådens år" er forståeleg valgt som overskrift for reformasjonsjubileet. Sola gratia, nåden åleine gjev oss kristusforankra trusvisse. Men det heiter jo at "det er ein fare ved det". Eg siktar ikkje til at ein på internasjonalt hald har forsøkt å løfta reformasjonsjubileet både på kyrkje- og samfunnsplanet. I vårt land har det etter mi vurdering faktisk vore for lite av det siste. Men altså: Det kan også bli minus i eit velmeint og godt førebudd reformasjonsjubileum. Det gjeld særleg dersom vi folkeleggjer nåden utan bibelsk reformasjonskontekst. Vi må nemleg ikkje gløyma: Det jubileet vi feirar, har som sitt utgangspunkt og basis i markeringa bots- og bededag - der vi blir kalla til omvending og nytt liv - ikkje som eingongshending, men som første tesa til augustinarmunken i Wittenberg 31.10.1517 lydde: "

"Når vår Herre og meister Jesus Kristus seier: «Gjer bot!» Matt 4:17 osb så vil han at dei truande sitt heile liv på jorda skulle vera ei stadig bot."

Mi tese "kom til meg" på toget frå Wittenberg til Berlin i november, då eg sat og reflekterte over kva eg kunne tenkja meg å formulera inn i vår tid i reformasjonsåret.

Mennesket skapt i Guds bilete - står eigentleg godt på egne bein. Det fortel nært om det einskilde mennesket sin verdi - ein unik personlegdom og ikkje berre eit eksemplar av eit eller anna slag. Mange har også i dette reformasjonsåret peikt på Luther og reformasjonen sitt verde for det enkelte mennesket og individet sin plass både i kyrkje og samfunn. Jfr dokumentet Om et kristenmenneskes frihet. Dette perspektivet må vi halda fram i ei tid med mange skuldingar mot kristendom om pessimisme og formørking, og ei tid der enkeltmennesket ikkje alltid står høgt i kurs. Livet har forkjørsrett. Mennesket er unikt frå det er avla i mors liv til ein naturleg død. Vi må aldri slutta å halda fram med styrke - både i kyrkje og samfunn: Mennesket er skapt i Guds bilete.

Men tesa har eit poeng til: Hugs at Gud er ikkje skapt i mennesket sitt bilete. Eg røper at det er dette poenget som er mi djupe grunngjeving for at eg formulerte denne tesa. Det som høyrest sjølv sagt ut, er diverre ikkje så

sjølvsagt i dagens teologi. Det har mange djupe perspektiv som eg oppmuntrar kvar enkelt til å grunna på.

Eg hadde ein studietur til USA hausten 1989. Samtalte ein god del med kollegaer frå Lutheran Bible Instituts (LBI rørsle) og var med på ei rekke teologiske seminar. Ein dag spurte eg ein amerikansk kollega: Kan du med få ord fortelja meg skilnadene i amerikansk teologi? Med ein kort tenkepause kom svaret. Yes, I can - with two words. (Det var alstå før Obama og "Yes, we can").

Slik svara han: Skiljelinjene går mellom **propitiation** og **piation**. For dei som ikkje er innvigde i formuleringane: Piation står for å bera bort. Jesus viste Guds kjærleik då han tok bort vår synd. Det er ufarleg hyggeleg tale. Den store hopen er der, sa min amerikanske rektorkollega. Færre står for Propitiation - Jesus møtte Gud i vår stad. Slik profeten Jesaia talar: "Vi gjekk oss alle vill som sauer, men skulda vi alle hadde, let Herren ramma han. " 53:6.

Dersom vi i dag hadde fått spørsmålet om skiljelinjene i norsk teologi? Kva ville vi svara då? Personleg har eg komme til at eg ville ha svara slik med to framandord: **Empiri** og **apriori**.

Her ligg for meg dei djupe skilja i dagens debatt om dogmatiske og etiske spørsmål. På baa sider kan det vera mange nyansar og skjelingar. Men det blir mest som rosebedd til skilnad frå den djupe kløfta, ja avgrunnen mellom ein teologi som utelukkande er bygd på empiri og ein teologi som har som avgjerande aksiom at det er noko som er apriori, fast norm. Altså skilnad mellom erfaringsbassert kunnskap/vitskap/haldning på den eine sida, og på den andre sida også å ha med sjølvinnlysande føresetnad før erfaring- fordi det står skreve. "Så seier Herren." "Det som ikkje har komme opp i mennesket sitt hjarta, men er openberra frå Gud." 1Kor. 2:9ff. Det underviser og korrigerer erfaring. Det ligg i det reformatoriske uttrykket Skrifta åleine.

Mykje av moderne teologi baserer seg etter mi vurdering diverre på erfaringa som overordna norm. Difor møter vi krav om at teologar og kyrkeleiing må byta standpunkt for å tilpassa seg tida sine krav. "Trist at kyrkja ikkje er kommen lenger i vår tid", er ofte parolen når folk møter klassisk teologi si grunngeving i Skrifta som norm. Så står teologar flittig fram med tenkepause og kjem ut med nye standpunkt - for som dei ofte seier - vi har møtt menneske som er og opplever slik og slik. Derifrå kjem mi spissformulering - Med erfaringa som øverste norm blir konsekvensen: Det er ikkje berre meininga som byggjer på erfaring og menneskeleg visdom. Faktisk er det slik: Erfaring som øverste norm rokkar både ved gudsbiletet og Guds openberring. Gud blir skapt i mennesket sitt bilete. Dette er ein teologi på ein annan planet enn Martin Luthers og reformasjonens teologi. Då blir Skrifta

åleine berre ein fiksjon og ikkje ein realitet! Gudsforståinga blir menneskeskapt og tek ikkje på alvor korleis Gud har openberra seg - Den openberre Gud (Deus revelatus)- Den løynde Gud (Deus absconditus.) Guds openbaring har forkjørsrett. Vi skal granska Skriftene og Guds openberre vilje - men vår erfaring er ikkje kontrollør og Ordet sin sensor. Ein teologi som berre bekrefter menneskeleg erfaring er ikkje i samsvar med Skrift og vedkjenning.

La meg illustrera poenga mine med eit døme: Eg besøkte nyleg Washington - m.a. fleire museum og minnesmerke. Denne gongen gjorde desse sterkast inntrykk: Holocaust museet og museet for afrikanske amerikanarar (afro americans) (det eg kallar slavemuseet), samt dr. Martin Luther King Memorial. Når ein har vore på desse stadane, må ein vera av granitt for ikkje å bli berørt. Då får ein sanna at mennesket sin vondskap er ein realitet og ingen fiksjon. Det er emipri - erfaringsbasert sanning. Men empirien fortel ikkje alt - mennesket er ikkje berre vondt. Mennesket står *skuldig* overfor Gud - skuldig til døden under Guds vreide. Dette har vi ikkje frå erfaring eller vår oppleving. Der er Guds openberra sanning utafra og inn i våre liv - ved Guds Ande gjennom openberringsordet. Mennesket kan ikkje skapa seg ein gud i sitt bilete og flykta frå sanninga med stor S! Gud talar gjennom Skrifta, var reformasjonsfedrane sin posisjon. Jfr Luthers markering mot svermarane som sette Skrifta til sides for si "hot-line" til Vår-Herre!

I klassisk teologi talar vi om Guds to openberringar - den naturlege openberringa - gjennom natur, samvit og historie - og den "spesielle" openberringa gjennom Skrifta og Kristus. Det vi ser i mykje av dagens teologi, er at vegen går mellom to grøfter. Teologikyndige vil vita at på den eine sida talar ein gjerne om Karl Barths teologi som fornektar og elliminerer all nytte av naturleg openberring.

På den andre sida har vi då dagens moderne teologi som set Skrifta som overordna norm til sides - erfaringa får forkjørsrett i alle teologiske vegkryss. Så skuldar ein grunnlaust ofte alle som talar om normativ skriftbasert overlys, for barthianisme eller det som verre er!

Erfaringsbasert kunnskap skal ikkje snakkast ned. Det er viktig i alle samanhengar i menneskelivet. Når menneske er i vanskar og har det vondt, er det godt å møta andre menneske som har erfaring og kjenner problemet. Det er skilnad på å møta ein sjelesørgjar med kunnskap bada i erfaring og ein som berre er skrivebordsterapeut. Erfaring er av det gode, ja nødvendig i mange samanhengar. Kan nemna preikelæra, pastorallæra, sjelesorg og etikk. Men erfaringa har ikkje siste ordet der Skrifta talar Guds openberring. Om Jesus blir det også understreka hans erfaring som avgjerande for hans omsorg for oss menneske. Prøvd i alle ting som oss, difor kan han koma oss til hjelp. Jfr Hebr 2:17-18 og 4:15-16. Det får oss til å tala varleg i mange

sårbare spørsmål inklusive empati for korleis andre oppfattar våre ord - utan å gå på akkord med sanninga. "Sanninga tru i kjærleik." Ef.4:15 Ja kjærleiken "gleder seg ikkje ved urett, men gleder seg ved sanninga." 1Kor.13:6

Men for å vera tydeleg - dersom vi let erfaringa vera det øverste kriteriet i alle ting, kan vi ikkje dølja at endestasjonen på den vegen blir - ein gud skapt i mennesket sitt bilete! Den gud er ein fiksjon og ikkje den sanne Gud som vi møter i den allmenne og den spesielle openberringa! Kort sagt - det er ikkje Bibelens Gud. Vi kan ikkje opptre etter syndefallet som om vi levde før! Den naturlege openberringa kan ikkje autoriserast som norm for livet. Det blir subjektisme og inkje anna! Rein relativisme! Erfaringa kan ikkje overprøva Guds openberring og Ordet si formidling av tema som t.d. det historiske syndefallet, Guds "ikkje-datostempla" bod, jomfrufødselen, inkarnasjonen, Jesu soningsverk og lekamlege oppstode og gjenkomst.

Dette skiljet er ikkje berre snakk om teori. Eg veit at mange som legg vekta på allmenn erfaring, vil hevda at dei ikkje gjer erfaringa til norm. Men når ein i praksis gjer erfaringa til tolkingsnøkkel (hermeneutisk nøkkel), blir konsekvensen slik eg har nemnt. Moteteologi er ein forførande læremeister!

Gud som skapte mennesket i sitt bilete - kallar oss falne menneske til eit nytt liv i Kristus - eit liv i dagleg omvending, slik reformatoren begynte sine 95 teser for 500 hundre år sidan. Guds nåde er gratis - til alle - men det er ein kostbar skatt - som kosta Guds son livet, då han både møtte Gud i vår stad (propitiation) og bar synda bort (piation). Gløym ikkje prisen - die Köste - som Luther vel ville ha sagt.

Eg utfordrar med dette alle til å grunna på tesa mi: *Mennesket er skapt i Guds bilete - Gud er ikkje skapt i mennesket sitt bilete!* Det er for meg viktig rettesnor for tru og liv. Ei tese - ei rettesnor - også kan rensa teologisk tåkehav. Framandord kan irritera og provosera. Framandord kan også klargjera. Kva du opplever med mine to - empiri og apriori, veit eg ikkje. Om du opplever irritasjon, klargjering eller provokasjon - ja så er slektskapet mitt nærare reformatoren enn eg fortener.